



Studentlekene Bergen Challenge  
Helleveien 30  
5045 BERGEN

Dato: 22.05.2014  
Vår ref.: 2014/323-360  
Saksbehandlar: dagherl  
Dykkar ref.:

## Avslag - ålmenne kulturformål - Studentlekene i Bergen

Vi viser til søknaden dykker om tilskot til ålmenne kulturføremål .

Kultur- og ressursutvalet handsama søknaden på møte den 13. mai d.å. Dykker søknad vart dverre gitt avslag.

### Grunngjeving:

Det var ved søknadsfristen 1. mars kome inn 147 søknader. Det er kr 1.015.000 til fordeling under ålmenne kulturføremål i 2014, og det vart fordelt kr 694.000 i dette møtet.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera også mellom kvalifiserte søkerarar slik at nokre fekk avslag eller vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningsliner.

Vedlagt fylgjer kopi av saksframlegg og vedtak. Desse kan også finnast på Hordaland fylkeskommune si heimeside [www.hordaland.no/kultur](http://www.hordaland.no/kultur). I vedlegget har fylkesrådmannen gitt ein indikasjon på grunnen til tildeling/avslag. Til dømes vil «ikkje rom» seie at dette er eit godt prosjekt ein gjerne skulle tilrådd, medan «ikkje prioritert» vil seie at ein er formelt er innafor krava, men skårar noko lågt på enkelte vurderingskriteria. Elles er det viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldesgjerande forklaring/grunngjeving for tilsegn/avslag, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si politiske rolle og samla søknadsbunke.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvalningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B. Skaar  
seksjonsleiar/utviklingssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Sakshandsamar: Tone Stedal Haugland/Marianne Ose Askvik

Vedlegg